

Utvalg:	Forskningsutvalget	Dato: 26.08.2026
FU-sak: 27/26		Arkivsaknr.:

Ekstern finansiering - søknad og finansierte prosjekt i Forskningsrådet og EU første halvår 2026

Bakgrunn

I UiB sin strategi er ambisjonen at vi skal «...auke våre gjennomslag innan banebrytande og tematisk forskning i Forskningsrådet og Horisont Europa, med ei særleg innsats for FRIPRO og ERC». Forskningsutvalet har gjennom prosjektet Styrk UiB arbeidd særskild med å stimulere til god forskingskultur og auka deltaking i strategisk viktige utlysingar (FU sak 07/25, universitetsstyret sak 32/25). Universitetsleiinga vedtok vinteren 2026 å løyve særskilde midlar til auka deltaking i FRIPRO og Marie Curie-utlysingar, i tillegg til andre verkemiddel, jamfør styresak 34/26. Denne saka gjev status for søknadsaktivitet og gjennomslag i Forskningsrådet og EU sine utlysingar første halvår 2026.

Forskningsrådet

Per 30. juni hadde UiB fremja 161 søknader til Forskningsrådet i inneverande år. Dette er ei auke samanlikna med første halvår både i 2025 og 2024. Veksten kjem særleg innanfor ordningane for banebrytande forskning, men også det er og auka søknad til tematiske utlysingar i høve til same tid i 2025.

Tabell 1 Søknader forskningsrådet totalt per år. 2026 syner tal pr. 30. juni

	2021	2022	2023	2024	2025	2026
FRIPRO	245	191	46	82	73	50
Tematiske forskarprosjekt	34	56	66	44	50	6
Kompetanse/samarbeid	20	24	8	11	25	1
Forskning for ny kunnskap/forskning for anvendelse						72
Innovasjon/kommersialisering	1	2	2	3	5	
Sentre/infrastruktur	8	1	21	6	53	
Anna	49	59	30	44	67	32
Totalsum	357	333	173	190	273	161

Forskningsrådet har i 2026 endra opplegget for tematiske utlysingar. Meir grunnforskningsretta tematiske utlysingar blir no organisert under søknadstypen «Forskning for økt kunnskap», medan utlysingar med meir anvendt formål blir lyst ut i søknadstypen «Forskning for anvendelse». Begge typar utlysingar kan stille krav om

samarbeid med aktørar utanfor sektoren, og det tidlegare skiljet mellom forskarprosjekt og kompetanse- og samarbeidsprosjekt er no mindre tydeleg.

I perioden har det ikkje vore søknadsfristar i senterutlysingar eller infrastruktur med deltaking frå UiB, ut over skissefrist til utlysing for forsvarsevne, tryggleik og beredskap. Til denne utlysinga sendte UiB sju skisser.

Tematiske utlysingar av dei nye ordningane for forskarprosjekt og samarbeidsprosjekt hadde hovudfristar i mai og juni 2026. Til saman vart det sendt 78 søknader, ei auke på 25 prosent frå hovudutlysingane i 2025.

Tabell 2 Søknader **første halvår** – forskarprosjekt og kompetanse- og samarbeidsprosjekt, herunder nye tematiske søknadstyper 2026


	2021	2022	2023	2024	2025	2026
Tematiske utlysingar	45	64	72	55	62	78
FRIPRO/banebrytande	245	191	43	25	31	50
Totalsum	290	255	115	80	93	128

Verkemidla for banebrytande forskning omfattar i tillegg til dei tradisjonelle FRIPRO-programma (erfarne forskarar, tidleg karriere og mobilitet) også midlar til støtteverdige ERC-søknader utan finansiering frå EU, Toppforskere og radikale forskingsidear i tidleg karriere. I det vidare skal nemninga FRIPRO omfatte alle desse verkemidla. I høve til første halvår i 2025 har det vore ei auka på rundt 60 prosent til FRIPRO samla. Auken heng i nokon grad saman med nye søknadsordningar særleg retta mot yngre, men også betydeleg fleire søknader i utlysinga for erfarne forskarar.

Tabell 3 Søknader første halvår, FRIPRO


	2024	2025	2026
Forskerprosjekt for erfarne forskere (FRIPRO)	11	15	22
Forskerprosjekt for tidlig karriere (FRIPRO)	12	12	12
Forskerprosjekt med internasjonal mobilitet (FRIPRO)	2	3	5
Radikale forskningsidéer i tidlig karriere			5
Toppforskere - Forskerprosjekt for å utvikle verdensledende forskningsmiljøer		1	3
Finansiering av kvalifiserte ERC-søknader - søknad etter invitasjon			3
Totalsum	25	31	50

Det var få søknader til FRIPRO i starten på året, særleg for utlysinga retta mot erfarne forskarar, men aktiviteten har teke seg opp sidan mars, etter innføringa av verkemiddel for mobilisering vinteren 2026. I perioden mars–juni er det registrert fleire søknader til erfarne forskarar enn i same periode dei to føregåande åra.



Figur 1 FRIPRO søknader per måned

Alle fakulteta og museet har hatt vekst i søknad. Den prosentvise auken er jamn for dei største fakulteta, alle ligg i overkant av 60 prosent auke.



Figur 2 FRIPRO søknad 30. juni

Samanlikna med det nasjonale snittet og dei største institusjonane hadde UiB ein svakare utvikling i 2025 i høve til året før, både når det gjaldt tematiske utlysingar og FRIPRO. I 2026 er dette mønsteret endra. UiB har hatt ei større auke enn landsgjennomsnittet i søknad til verkemidla for tematiske satsingar. UiO og NTNU har hatt ein enno sterkare vekst, men skilnaden mellom UiB og andre er mindre enn i 2025.

For FRIPRO har UiB hatt sterkare prosentvis vekst i søknader, og den sterkaste veksten av dei største universiteta. Også her ligg UiB her godt over landsgjennomsnittet. UiB endte i 2025 med ein nedgang i søknader til FRIPRO, i motsetnad til dei fleste andre universiteta. Dette ser ut til å snu i inneverande år.

Tabell 4 Søknad nasjonalt - forskarprosjekt, KSP, nye søknadstyper og fripro pr 1. august. Forskningsrådet sine nasjonale søknadsoversikter for 2026 har ikkje datoinformasjon, og perioden avviker difor frå andre tabellar i dette dokumentet.

	2024	2025	2026	2025	2026
Tematiske utlysingar	955	1322	1384	38 %	5 %
NTNU	88	137	162	56 %	18 %
UIO	71	110	135	55 %	23 %
UIB	56	67	75	20 %	12 %
UIT	20	56	50	180 %	-11 %
Andre	720	952	962	32 %	1 %
FRIPRO	457	687	800	50 %	16 %
UIO	72	98	138	36 %	41 %
NTNU	40	64	78	60 %	22 %
UIB	35	40	61	14 %	53 %
UIT	22	36	31	64 %	-14 %
Andre	288	449	492	56 %	10 %
Totalsum	1412	2009	2184	42 %	9 %

Finansierte prosjekt, NFR

Første halvår 2026 har Forskningsrådet gitt tilsegn til 10 prosjekt utanom banebrytande forskning, om lag på same nivå som i fjor. Arrangementstøtte utgjør den største delen av desse tildelingane, følgd av midlar til prosjekt for kjønnsbalanse og mangfald. Forskningsrådet har så langt ikkje fordelt midlar til tematiske forskarprosjekt, kompetanse- og samarbeidsprosjekt eller dei nye støtteformene i 2026.

Innan banebrytande forskning har UiB per 30. juni fått tilsegn om ni prosjekt. Dette omfattar mellom anna fire prosjekt innan nye søknadstypar – to til radikale forskingsidear i tidleg karriere, eit toppforskarstipend og finansiering for ein støtteverdig ERC-søknad. I høve til tidlegare år er løyvingane fordelt på fleir fakultet, der MED har klart flest.


Tabell 5 FRIPRO finansierte prosjekt første halvår, status 2026 per 15. juni

	2024	2025	2026
Forskerprosjekt for erfarne forskere (FRIPRO)	2	6	3
Forskerprosjekt for tidlig karriere (FRIPRO)	1	1	1
Forskerprosjekt med internasjonal mobilitet (FRIPRO)	1	1	1
Finansiering av kvalifiserte ERC-søknader - søknad etter invitasjon			1
Toppforskere - Forskerprosjekt for å utvikle verdensledende forskningsmiljøer			1
Radikale forskningsidéer i tidlig karriere			2
Totalsum	4	8	9

Tabell 6 Løyvingar FRIPRO etter fakultet

	2024	2025	2026
HF	1		2
MED		4	5
NT	3	4	1
SV			1
Totalsum	4	8	9

Medrekna finansieringa av kvalifisert ERC-søknad, der søknaden opprinneleg gjekk til EU-utlysinga av ERC starting grants, og forskarprosjekt for internasjonal mobilitet, går dermed fem av dei ni tildelingane til forskarar i tidleg karriere.



Figur 3 Løyvingar FRIPRO etter semester

Totalt har UiB vunne kontraktar for kr 93 millionar frå forskingsrådet første semester. FRIPRO utgjer klart den største delen, i motsetnad til 2025 der ein stor sentertildeling (KI-senteret) dominerte.

Tabell 7 Løyvingar FRIPRO nasjonalt første halvår

	Beløp, mill NOK			Antall prosjekt		
	2024	2025	2026	2024	2025	2026
UIO	52	186	271	5	18	24
NTNU	8	88	105	1	10	10
UIB	37	86	90	4	8	9
UIT	35	28	22	3	3	2
Andre	85	134	244	8	14	24
Totalsum	216	521	732	21	53	69

Dei fleste tematiske utlysingar blir tildelt i løpet av hausten. FRIPRO vurderast fortløpande, og i løpet av våren 2026 er det gjennomført tre løyvingrundar i porteføljestyret for banebrytande forskning. Over dei siste tre åra har løyvingane til FRIPRO auka jamt og det er fordelt 732 millionar kroner til prosjekt i 2026, ei auke på 40 prosent. Samla tek institusjonar utanom dei tradisjonelle universiteta den største auken så langt i år, med 82 prosent auke i løyvingar, noko som utgjer ein tredjedel av desse midlane. Av dei store universiteta er det UiO som opprettheld ein leiande posisjon, og tek 37 prosent av midlane til sektoren, likt med 2025.

EU

Innan utgangen juni 2026 har UiB sendt 79 søknader om EU-finansiering. Dette er ein markant auke frå 42 søknader første halvår i 2024 og 33 i 2025. Deler av auken kan vere tilfeldig og ha samband med utlysingsfristar, men saman med innmeldte forslag til komande utlysingar i haustsemesteret tyder tala på at det kan ventast vekst i talet på søknader i 2026.

Tabell 8 Søknad til EU rammeprogram første halvår

Radetiketter	2024	2025	2026
Excellent science	10	17	27
Global challenges	30	9	43
Innovative EU	2	6	4
Widening		1	5
Totalsum	42	33	79

Veksten første halvår 2026 kjem særleg innan globale samfunnsutfordringar, men og innan pilaren for banebrytande vitenskap (Excellent science). I denne pilaren er veksten særleg knytt til infrastrukturutlysingar, der UiB ikkje deltok i 2025 men har vore involvert i sju initiativ til fristen i juni i år. UiB fremma 15 søknader til Consolidator grants vinteren 2026, mot 13 i 2025. ERC starting, advanced og synergy grants har frist i haustsemesteret, det har også Marie Skłodowska-Curie Actions for personlege postdoktorstipend (PF) og doktornettverk (DN). Innmelde planar tyder på auka søknadsaktivitet mot MSCA PF, og også auke i søknad til ERC Starting grants i 2026.

Den sterkaste auken i søknadstal for første halvår har vore innan utlysingane i pilar 2. Her er det stor årleg variasjon i tidfesting av relevante utlysingar. I 2025 var det ei sterk auke i søknader til tematiske utlysingar, men det største talet på søknader kom i haustsemesteret.

Det medisinske fakultet har det største talet på søknader til pilar 2 Global Challenges første halvår 2026. Fleire andre fakultet har meldt inn planar om søknader til pilar 2 i

haustsemesteret, så fordelinga på fakultet kan jamnast ut i løpet av året. UiB er koordinator i tre av søknadene, mot ein koordinatorsøknad våren 2025.

Tabell 9 Søknader til pilar 2 Global Challenges første halvår 2024-2026

	2024	2025	2026
ADM		1	3
HF	2		1
JUSS	1		
KMD			1
MED	8	4	15
MUSEUM	1		
NT	9	1	13
PSYK	4	2	6
SV	5	1	4
Totalsum	30	9	43

Finansierte prosjekt, EU

Ved utgangen av juni har UiB fått tilslag på 16 EU-prosjekt. Dette ligg på nivå med 2025. UiB har oppnådd finansiering for to ERC advanced grants, begge ved det medisinske fakultet.

Tabell 10 Finansierte prosjekt første halvår. Kontraktsum i mill. €

	2024	2025	2026
Excellent science			
Løyvingar	15	12	6
UiB koordinator	9	9	3
Kontraktsum UiB	7,9	9.5	6.6
Global challenges			
Løyvingar	4	3	10
UiB koordinator	2	1	1
Kontraktsum UiB	2,7	2,5	4.9
Widening			
Løyvingar		1	
UiB koordinator		0	
Kontraktsum UiB		0,4	
Totalt Bevilgning	19	16	16
Totalt UiB koordinator	11	10	4
Totalt Kontraktsum UiB	10,6	12,0	11.6

Det har vore ein sterk auke i talet på innvilga prosjekt innan pilar 2, og som i 2025 er eit av prosjekta koordinert av UiB, ved Det medisinske fakultet. Fakultet for naturvitenskap og teknologi har det største omfanget av finansierte prosjekt i pilar 2, med fem tilslag på til saman to millionar Euro våren 2026.

Samanlikna med første halvår 2025 var det likevel per 30 juni løyva noko mindre midlar til nye prosjekt frå EU. Innan «excellent science» er det ERC-løyvingane som veg tyngst økonomisk. Store MSCA-program publiserte tidlegare tildelingar i vårsemesteret, desse blir i år offentleggjort i haustsemesteret. I løpet av juli og august har UiB fått finansiering for yttarlegare sju søknader – fire pilar 2-prosjekt, to MSCA staff exchange og ein til andre program. Dette gjer at vi allereie no kan seie at UiB vil få vekst i talet på nye prosjekttildelingar frå EU i 2026 i høve til 2025. Inkludert løyvingane etter juni har 23 prosjekt fått finansiering så langt i 2026, mot totalt 19 prosjekt i heile 2025 og 30 i 2024. UiB ligg godt an til løyvingar i ERC starting grants, som blir offentleggjort innan kort tid.

Tabell 11 Forskningsrådet: statistikk universiteta i Horisont Europa. Oppdatert frå Cordis juni 2026. Det er

	Søknader	Innstilte	Suksessrate	Beløp	Søknader per 1000 årsverk	Beløp € per årsverk
UiB	588	118	20 %	85,3	50,9	7384
UiO	1412	277	20 %	175,1	72,8	9029
NTNU	1794	316	18 %	187,1	72,5	7564
UiT	519	111	21 %	63,9	46,8	5762

Forskningsrådet oppsummerer kvart år aktivitet knytt til Horisont-utlysingane frå 2021 og framover. Målt etter institusjonsstorleik kjem UiB eit stykke bak UiO si deltaking, men skilnaden har minka i løpet av det siste året. UiB sender færre søknadar enn både UiO og NTNU. Dei andre universiteta deltek i mindre grad. Forskjellen mellom dei største universiteta i suksessrate er liten.

Sjølv om UiB sender færre søknader, er UiB om lag på linje med NTNU i økonomisk utteljing per årsverk. Ein del av dette skuldast at UiB har relativt større gjennomslag i ERC enn NTNU, medan NTNU har mange finansierte prosjekt med mindre økonomisk omfang. På telletidspunktet, som omfattar søknader med tildelingsrunder i 2025, hadde UiB oppnådd 25 ERC i Horisont Europa, NTNU 26, UiT 11 og UiO 55. Dei store universiteta hadde tilnærma lik suksessrate i ERC-søknadene på telletidspunktet – alle rundt 15 %.

Det høge aktivitetsnivået både mot Forskningsrådet og EU er viktig for å sikre vidare fagleg utvikling og ekstern finansiering. Nedgangen i nye forskingsrådsfinansierte prosjekt frå 2022 til 2024, med ein særleg stor dropp i 2023, gjer at eksternt finansiert aktivitet framleis vil kunne ha ein nedgang på UiB i 2026.

Saka leggst fram for forskingsutvalet til drøfting.